

# STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

26. mars 2019

Per dags dato har vi lært opp 145 nynorskpraktikantar og 57 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK. 14 prosent arbeider i avisar/nettstader og fire prosent i andre media. Utanom media arbeider 19 prosent med informasjon, språk og reklame.

To tidlegare nynorskpraktikantar har fått seg fast arbeid i media, ein er tilsett som Berlin-korrespondent for NRK og ein annan har fått informasjonsjobb i Røde Kors. Det er status så langt i år.

Kull 29 er ferdige og alle arbeider i media, kull 30 er i praksis i NRK Sogn og Fjordane og kull 31 er lyst ut med søknadsfrist 15. april.

## Kva er vitsen med statusrapportar?

I vår moderne tid, med alle slags digitale plattformer, kan det verke rart å halde fast på slike statusrapportar som dette. Vi har både eiga nettside, Fjesbokside og Instagram, men er likevel usikre på om vi når ut med informasjon om kva NRK Nynorsk mediesenter driv på med. Det gjeld både i og utanfor NRK.

Vi startar statusrapportane med å gle oss med dei som har fått seg nye og faste jobbar.

### Bruland korrespondent i Berlin



**Roger Sevrin Bruland er tilsett som NRK-korrespondent i Berlin frå hausten av. – Han har mykje røynsle frå felt i krevjande situasjonar. Og han har både oversynet og kunnskapen som skal til for å formidle det store biletet frå eit område av Europa der det skjer mykje, seier redaksjonssjef Gunhild Viken i utanriksavdelinga til NRK.no.**

– Eg er veldig audmjuk til jobben og gler meg til å formidle nyhende frå Berlin og Aust-Europa til unge og eldre, seier Bruland til NRK.no. Korrespondenten i Berlin har ansvar for å dekke det tysktalande Europa og Aust-Europa.

---

*«Eg er veldig audmjuk til jobben»*

---

Roger Sevrin Bruland (1977) kjem frå Utvik i Nordfjord og var nynorskpraktikant i NRK våren 2008. Han hadde ekstern praksis i NRK Utanriks og har arbeidd der meir eller mindre heile tida etterpå. Gjennombrotet hans som utanriksreporter var då han dekte

grottedramaet i Thailand i fjor sommar. For tida har han permisjon for å studere dokumentarproduksjon i Bucuresti.

Roger Sevrin Bruland har ein mastergrad i konfliktstudiar, med vekt på Midtausten, frå Universitetet i Aberdeen og ein bachelor i historie og religionsvitenskap frå Universitetet i Bergen. Han har også studert statsvitenskap ved Det amerikanske universitetet i Kairo. Han var NATO-soldat i Bosnia og Serbia frå 1998 til 2000, og frå 2005 til 2007 var han tilsett ved dei norske ambassadane i Makedonia og Romania.

## Frontsjef i Vårt Land



**Hans-Olav Rise har fått fast jobb som frontsjef i Vårt Land. Han leiar den digitale satsinga i avisa. – Eg trur denne stillinga passar meg godt, seier Rise.**

- Her får digital kunnskap og stort konkurranseinstinkt gå i tospenn med interesse for språk og presseetikk, sa Rise då han byrja i jobben.

Hans-Olav Rise (1991) er frå Ulsteinvik og var nynorskpraktikant på kull 16 i 2011/12. Han hadde ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal og var vikar der eit års tid etterpå.

---

*«Eg trur denne stillinga passar meg godt»*

---

Han tok journalistutdanning på høgskulen i Oslo og arbeidde som frilansar for både NRK og Nynorsk pressekontor i studietida. Etter avslutta medieutdanning var han vikar i NRK Nyhende og Nationen før han fekk fast jobb i Vårt Land. Rise er av dei som frå heilt unge år har skrive for lokalavis og nettsider, og for hans del mest om sport.

## Fast jobb i Nynorsk Pressekontor



### **Bjørn Ivar Voll fekk fast jobb som journalist i Nynorsk pressekontor (NPK) frå nyttår av.**

– Etter mange år i ulike vikariat med til dels svært korte tidshorisontar, er eg svært glad for å ha sikra meg ein fast jobb. NPK dekkjer nasjonale saker av allmenn interesse, på same tid som me har eit eige auge for distrikta, seier Voll.

Bjørn Ivar Voll (1985) er frå Nedstrand i Rogaland. Han var nynorskpraktikant på kull 11, 2009/10. Han hadde praksis i NRK Dagsnytt og arbeidde der eit års tid etterpå. Han har òg arbeidd ved fleire distriktskontor i NRK, i Dagsnytt 18, lettlesavisa Klar Tale og NPK. I tillegg har han teke ein mastergrad i historie etter at han var nynorskpraktikant.

## Aleksander Båtnes til Røde Kors

**Aleksander Båtnes byrjar 1. april i fast jobb som kommunikasjonsmedarbeidar i Sør-Trøndelag Røde Kors i Trondheim.**

Han var nynorskpraktikant på kull 26, våren 2017. Båtnes hadde ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal og var vikar der til han for eit år sidan vart vikar i Her og Nå i NRK P1, i Trondheim.

Aleksander Båtnes (1992) er frå Fiskarstrand i Møre og Romsdal. Før han gjekk NRK Nynorsk mediesenter i 2017 hadde han ein bachelor i Experience & Event Design ved Westerdals høgskule i Oslo. Det er ei utdanning prega av marknadskommunikasjon og prosjektleiing. Han hadde også arbeidd i NRK P3 og vore programleiar i Radio Ålesund i fleire år.



## Arian med eige program i NRK P3



**Arianrhod Engebø har frå 18. februar hatt sitt eige program – Arian – i NRK P3. Ho har ansvaret for ei tre timer lang sending kvar dag måndag til fredag, frå kl. 16.00 til 19.00.**

- Det er ekstremt gøy å ha eige program på P3! Hovudfokuset til programmet er å ha god lyttarkontakt, underhalde og å spele den beste P3-musikken. Sidan programmet er relativt ferskt jobbar vi med, og testar, på kva måte vi best gjer dette, seier Arian.

Ho har ein produsent som hjelper henne med å gjere klart innhaldet til sending, men ho kører alt av teknikk sjølv.

- Det er spennande å lære seg og å få teknikken godt inn i fingrane. Det er kanskje ikkje ein jobb med mykje skriving av nynorsk, men eg skal gjere mitt beste for å få han inn der eg kan - og for å nå P3 si målgruppe med nynorsk, seier Arian.

---

**«Det er ekstremt gøy å ha eige program på P3!»**

---

Arianrhod Engebø (1994) var nynorskpraktikant på kull 27, 2017/18. Ho hadde ekstern praksis i NRK P3 på Tyholt og har vore vikar der og i MP3 etterpå. Ho har ein bachelor i journalistikk frå Universitetet i Cardiff, i Wales, og praksis som journalist frå Firda og NRK Sogn og Fjordane.

## Kull 30 er i storform



*Kull 30 frå venstre: Tonje Noreng Trøen, Ragnhild Voreland, Idunn Lavik, Ola Weel Skram og Magnus Helle.*

### **Dei byrja som nynorskpraktikantar ved nyttår og er no i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Frå 2. mai skal dei i ekstern praksis.**

Magnus Urup Helle skal til NRK Sporten, Ragnhild Voreland til NRK Finnmark, Tonje Noreng Trøen til NRK Supernytt, Ola Weel Skram til NRK Sogn og Fjordane og Idunn Lavik til innanriksredaksjonen i NRK Nyhende på Marienlyst. Fire av fem har fått seg sommarjobb etter avslutta praksis.

Dei seier dette om det å vere nynorskpraktikantar:

#### **Tonje Noreng Trøen, Slidre (1992):**

- Tida om nynorskpraktikant har til no vore litt av ei tid. Ei reise av typen som formar oss både fagleg og personleg. I praktikantbobla går tida fort. Eg har opplevd nervar og meistringstru, fortviling og lette, eg har skote i blinde og nokre gonger treft blink. Og det er dette som har vore så kjekt.

Kvar dag ventar det ei ny utfordring innanfor døra til NRK-huset, og då er det berre å ta ho fatt og marsjere arm i arm inn i den opne kontorfellesskapen. Med trykk på fellesskapen, for her har det heile vegen vore mange flotte folk å lene seg på.



**Ragnhild Voreland, Stord (1995):**

- Eg trivst godt som nynorskpraktikant! Dagane går svært fort og det er mykje nytt å læra heile tida, noko som gjer arbeidsdagen variert og utfordrande. Opplæringa til no har vore inspirerande og solid. Eg ser fram til fleire utfordringar og etter kvart eksternpraksis i Alta.

**Magnus Urup Helle, Vinje (1995):**

- Kombinasjonen med ei grundig opplæring og det å få stor tillit av alle kollegaer, har gjort at desse månadane har vore utruleg lærerike. Eg kan trygt seie at tida på Nynorsk mediesenter har vore den mest inspirerande perioden i mitt liv. Nynorsk mediesenter har verkeleg gitt meg meirsmak på journalistikken.



*«Tida her har vore den mest inspirerande perioden i mitt liv»*

**Ola Weel Skram, Sogndal (1991):**

- No er me komne halveges i tida vår på Nynorsk mediesenter, og så langt har det vore ei kjekk og vanvittig lærerik reise. Etter to månadar med opplæring har me dei siste vekene jobba på desken, og det har vore motiverande å oppleve at ting fungerer så godt etter så kort tid.



Eg trudde det skulle vere skummelt å kome i gang med internpraksis, men det har kanskje vore det aller kjekkaste så langt. Eg gler meg stort til månadane som kjem. Eg veit ikkje heilt kva som møter meg, men eg kjenner meg tryggare for kvar dag som går.

**Idunn Lavik, Voss (1995):**

- Så langt har tida som nynorskpraktikant gått over all forventning. Det er utruleg kjekt å få bli ein del av redaksjonen i NRK Sogn og Fjordane, og til no har eg fått produsere fleire saker til Vestlandsrevyen og nett. Eg gler meg til fortsetjinga!

**Heile kull 29 i arbeid**

Kull 29 frå venstre: Birgitte Vågnes Bakken, Ingvild Aleksandra Eide, Solveig Nyhus Aksnes, Elise Kvien og Ida Yasin Andersen.

**Halvåret som nynorskpraktikantar var over 1. mars for kull 29 sin del. Fleire av dei held fram der dei var i ekstern praksis, og alle arbeider som journalistar.**

Ida Yasin Andersen (1992) er vikar i NRK Hordaland, Birgitte Vågnes Bakken (1993) er vikar på desken/innanriksredaksjonen og Elise Kvien (1996) er vikar i direktelinja, begge i NRK Nyhende på Marienlyst. Solveig Nyhus Aksnes (1995) er vikar i NRK Møre og Romsdal og Ingvild Aleksandra Eide (1993) er vikar i avisas Sunnhordland.

Dei hadde ekstern praksis i P3 Nyhenda på Tyholt, NRK Møre og Romsdal, NRK Hordaland, og i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende.

## 15. april er søknadsfristen til kull 31

Utlýsinga av kull 31 ligg på nettsida vår og på jobbsidene til NRK, og det vert reklamert for dette NRK-tiltaket i radio, både i P1, P2 og P3, i von om å nå heile landet.

Vi reknar med å tilsette dei fem nynorskpraktikantane kring 3. mai, og opplæringa i Førde startar 19. august. Dei skal ha opplæring og praksis her til jul og ekstern praksis i andre redaksjonar frå nyttår til 29. februar 2020.

Alle som veit om samfunnsengasjerte og nynorskbrukande ungdommar som ynskjer å bli journalistar må gje dei eit vink om søkerfristen.

## Håpar å nå 200 journalistar med nynorskkurs



Nynorskkurs i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Rune Fossum Lillesvangstu underviser journalistane.

**Noralv Pedersen og Rune Fossum Lillesvangstu er på vegen med nye kurs i nynorsk for NRK-journalistar. I løpet av våren får P2, NRK Super, Tyholt og Bergen besøk av den reisande duoen.**

Nyleg sette over 20 journalistar og fotografar i NRK Sogn og Fjordane seg på «skulebenken» for nokre timer. – Det er inspirerande å reise rundt og halde kurs for så mange engasjerte og kunnskapsrike kollegaer. Å diskutere – og reflektere rundt – språket er

noko mange tykkjer det blir for lite tid til i arbeidskvardagen, og det er tydeleg at mange set pris på å få gjere nettopp det på dette kurset, seier Noralv Pedersen.

### «Sovande» nynorskbrukarar har vakna

Det som starta opp som eit prøveprosjekt har no enda opp med å vere eit internt kurstilbod for heile NRK. Kurshaldarane var i 2018 innom Bergen, Lillehammer, Porsgrunn, Oslo, Stavanger og Ålesund, og dei nådde 120 deltakarar. Målgruppa for kurset er såkalla «sovande nynorskbrukarar», bokmålsbrukarar på NRK.no og andre nettredaksjonar og nynorskjournalistar som treng oppfrisking av målforma si.

– Kurset har vore uventa godt motteke – både frå nynorsk- og bokmålsbrukarane. Mange har vore glade for å få ei oppfrisking, og mange har sett pris på engasjementet, diskusjonane og det å få dele erfaringar med nynorsk og godt språk generelt. Kurset har dessutan fått fleire «sovande» nynorskbrukarar til å byrje å bruke nynorsk att, seier Pedersen.

---

### *«Kurset har vore uventa godt motteke»*

---



Noralv Pedersen held kurs i nynorsk for redaksjonane i NRK Hordaland og Bergens Tidende.

### Her er nokre av tilbakemeldingane frå kursdeltakarane:

Oppfrisking er veldig bra. Det trøng eg!

Veldig lettfordøyeleg pedagogikk!

Nyttig påminning om reglar!

Ikkje kjedeleg for oss litt mindre nerdar!

Veldig gode formidlarar!

## Kathrine Nygård leiar for Kringkastingsringen



I Kringkastingsringen avløyser den eine tidlegare nynorskpraktikanten den andre som leiar. Guro Kvalnes gjekk av og Kathrine Nygård tok over. Ho har med seg to andre tidlegare praktikantar i styret, Hans-Olav Rise og Inger Johanne Ruset.

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for at NRK skal nytte minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Dei deler årleg ut Kringkastingsprisen til nokon dei meiner er gode nynorsk- og dialektbrukarar.

- Det er mest utruleg at ein medlemsorganisasjon med eit så smalt arbeidsfelt har overlevd i meir enn 60 år. Det seier berre at problemet ikkje er løyst og at det er mange arbeidsoppgåver å ta tak i. Eg såg at kringkastingssjefen sa han ville at 2019 skal bli året der NRK når 25 prosent nynorsk. Det vil eg òg, seier Kathrine Nygård i ei pressemelding frå Kringkastingsringen.

---

*«Problemet er ikkje løyst, og det er mange arbeidsoppgåver»*

---

Kathrine Nygård (1993) er frå Longva på Sunnmøre. Ho var nynorskpraktikant på kull 26 i 2016/17. Ho hadde praksis i NRK Super og arbeidde der eit års tid etterpå, mellom anna som programleiar for «Skolefri». No er ho frilansar.

Styremedlemmene Hans-Olav Rise og Inger Johanne Ruset er også sunnmøringer. Rise er frontsjef i Vårt Land og Ruset er informasjonsrådgjevar i Noregs Ungdomslag. Dei andre styremedlemmene i Kringkastingsringen sit Kristofer Olai Ravn Stavseng, Mattias Rolighed Bergset og Kari Nygård Tvilde.

## Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar



Kven skal vinne  
Kulturdepartementets  
nynorskpris for  
journalistar 2019?



*Harald Thingnes fekk Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i fjar. Fram til 1. april kan alle sende inn forslag til kandidatar for prisen i 2019.*

**På Dei nynorske festspela i Ørsta 14. juni skal Solveig Barstad dele ut  
Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2019. Ho er leiar for juryen og har  
med seg språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk og professor Øystein A. Vangsnæs.**

Men først må dei få kandidatar å velge i, og alle kan sende inn grunngjevne framlegg innan 1. april. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media. Og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, som kan vere eit føredøme for andre.

- Å få denne prisen er det mest inspirerande som har skjedd meg i mi tid som journalist, seier Harald Thingnes i NRK Sporten. Han fekk prisen i fjar. Av andre tidlegare vinnarar kan vi nemne: Linda Eide, NRK, Odd Reidar Solem, TV 2, Ronny Brede Aase, NRK, Hilde Sandvik, Bergens Tidende, Jens Kihl, Klassekampen, osv. Sjå meir på nettsida vår:

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)



## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

**Per 1. mars 2019 har vi sendt frå oss 145 nynorskpraktikantar, og 57 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent arbeider i NRK. 15 prosent arbeider med avis/nett og fire prosent i andre media (TV 2, Radio 1 og frilans). Utanom media arbeider 19 prosent med informasjon, språk og reklame.**

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Sporten, NRK P3, Ekko i P2, Norgesglasset, Kveldsåpent og Nattradioen i P1.

Vidare er det tidlegare praktikantar ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Buskerud og Oppland.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som til dømes er nyhendeanker i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, journalistar i VG, Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende.



Siri Kleiven Strøm er nyhendeanker i TV 2. Ho var nynorskpraktikant i 2009.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i til dømes: Språkrådet, Valdirektoratet, Røde Kors, Skatt Vest, Norske Kunstforeninger, Noregs Ungdomslag, Forbrukarrådet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

## Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



**Ida Yasin Andersen** (1992), er vikar i NRK Hordaland. **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) **Elise Kvien** (1996) er begge vikarar i NRK Nyhende. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er vikar i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Aleksandra Eide** (1993) er vikar i Bladet Sunnhordland.

## Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



**Anders Martin Helle** (1994) er vikar i NRK Buskerud. **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) studerer arabisk ved Universitet i Oslo. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er journalist i nettstaden Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) har fast jobb som samordnar i helikopterselskapet Bristow, på flyplassen i Florø.

## Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



**Arianrhod Engebø** (1993) er programleiar for P3-programmet «Arian» og vikar i P3 på Tyholt. **Synne Ulltang** (1989) er prosjektmedarbeidar ved Bergen Bibliotek. **Borghild Andersdotter Vevle** (1993) er forskulelærar. **Linda Watten** (1994) studerer pedagogikk og er vikar i nettavis Porten.no. **Ådne Sandvik Dyrnesli** (1993) er frilansfotograf.

## Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017



**Aleksander Båtnes** (1992) er fast tilsett som informasjonsmedarbeidar i Sør Trøndelag Røde Kors. **Wibeke Bruland** (1984) er fast tilsett i NRK Finnmark. **Snorre Sandemose** (1983) studerer pedagogikk på Universitetet i Bergen. **Sigrid Sørumgård Botheim** (1985) er vikar som rådgjevar i Språkrådet. **Espen Breivik** (1992) er vikar i avdeling for samfunn og politikk i VG.

## Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017



**Marte Iren Noreng Trøen** (1990) er vikar/vaktsjef i P3nyhenda på Tyholt. **Anders Tesdal Galtung** (1993) studerer rettsvitenskap ved Universitetet i Stavanger. **Krista Lien Indrehus** (1989) er lærar på Vaksenopplæringa i Trondheim. **Josef Benoni Ness Tveit** (1997) er frilansar for nettavis Porten.no og studerer samfunnsfag ved høgskulen i Sogndal. **Kathrine Nygård** (1993) er frilansar og ny leiar for Kringkastingsringen, ein medlemsorganisasjon som arbeider for meir nynorsk i media.

## FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.